

STATUSRAPPORT



29.02.16

NRK Nynorsk mediesenter

- Nedbemanninga i NRK merkast godt også for nynorsk-praktikantane. Berre sidan nyttår er tre ute og eg fryktar at minst tre til er vekke i løpet av april, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter. - Når fast tilsette vert i overtal og skal ha jobb fyrst, og redaksjonane skal drive utan tilkallingsvikarar/vikarar, vert det smått med jobbar for dei som er unge og nye i yrket. Slik eg vurderer stoda i NRK no betyr korkje nynorsk eller fleirkulturell bakgrunn noko særleg.

Rår folk frå å reise til Oslo


Så dårlege som utsiktene til arbeid for tida er på Marienlyst rådar vi praktikantane frå å reise dit i praksis. Ingen redaksjonar takkar nei til gratis arbeidskraft i to månader. Som oftast er dei godt nøgde med nynorskpraktikantane, men det er ikkje jobbar til dei etterpå. Det er ekstra merkbart at det er nyhendeavdelinga som kuttar mest, for den har vore ein god lærestad for mange nynorskpraktikantar fram gjennom åra.

- NRK Marienlyst er generelt ein vanskeleg stad å få fotfeste og det har vorte verre dei siste åra. Kutt kombinert med lite medvit kring trongen for nynorskbrukarar gjer at vi snakkar mykje for døve øyre. I NRK Nynorsk mediesenter har vi forsterka rådet til nynorskpraktikantane om å satse på distriktskontora når dei skal i praksis. Det gjev dei meir allsidig røynsle, men óg større sjansar for arbeid for kortare eller lengre tid. Distriktskontora har kutta i fleire år, men der sluttar det også folk. Ungdommen vil til dei største byane, aller helst Oslo, same om dei har arbeid eller ikkje, seier Magni Øvrebotten.

Ho tykkjer det er fortvilande å sjå på at NRK ikkje tek vare på talent med framtida føre seg, som har både "digital kompetanse" (det "alle" spør etter for tida) og er fleirmediale (kan arbeide med både nett, radio og fjernsyn).

– Dei har lært det NRK seier vi treng for framtida, og er i tillegg nynorskbrukarar som kan gå rett inn i arbeid i redaksjonane. Eg veit at mange redaksjonsleiarar er fortvila fordi dei ikkje får tilsett dei, men det er framleis for mange i NRK som trur at "dei kjem nok att" når det opnar seg høve. Den arrogansen må vi legge vekk. Dette er velutdanna og dyktige folk som andre også er ute etter. Men det er ikkje sikkert at dei vert journalistar, og det er slett ikkje sikkert at dei får bruke nynorsk der dei hamnar. Det er ikkje sjølv sagt i norsk arbeidsliv. Nynorskprosenten i NRK tyder på at vi framleis treng å tilsette nynorskbrukarar, men i tronge tider er det endå mindre fokus på det enn elles. Då vert det lite. Ein kan også spørje korleis nynorskprosenten hadde vore om NRK ikkje hadde hatt 50 % av dei 115 nynorskpraktikantane vi har lært opp, seier Øvrebotten.

Men NRK Nynorsk mediesenter gjev ikkje opp. Vi må lite på at det alltid vil vere bruk for dyktige folk. Vår jobb er å få tak i og lære opp dei beste for framtida, og stå på for at dei skal få arbeid dei er eigna for. Snart lyser vi ut kull 25 med søknadsfrist 15. april.



Kull 24: - Krevjande og kjekt



KULL 24 FRÅ VENSTRE: ALEKSANDER ÅSNES, SOLVEIG SVARSTAD, MAY-HELEN ROLFSNES, MARTHA VÅGE OG MARTIN TORSTVEIT

8. mars byrjar kull 24 i praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. Dei starta på opplæringa i Førde 4. januar og det er alt klart kvar dei skal i praksis frå 2. mai til og med 30. juni: Aleksander **Åsnes** skal til økonomisk og politisk avdeling i NRK Nyhende og har fått sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane etterpå. Solveig **Svarstad** skal vere i NRK Sogn og Fjordane og har fått sommarjobb der. May-Helen **Rolfsnes** skal til NRK Hordaland i praksis. Martha **Våge** skal til P3Morgon i praksis. Martin **Torstveit** skal til NRK Telemark og har også fått sommarjobb der etterpå. Slik er fyrsteintrykka til kull 24:

Aleksander Åsnes (1990): - Å vere nynorskpraktikant er veldig kjekt og veldig travelt. Eg har lært enormt mykje på kort tid og har fått innsikt i ei heilt ny verd. På berre to månadar har eg allereie fått prøvd meg som journalist på ulike plattformer, og eg har fått høve til å kome tett på folk og fortelje historier i frå liva deira. Det har vore mykje ny kunnskap og mange nye folk på kort tid, men eg føler likevel at alle vi nynorskpraktikantane har klart å tilpasse oss godt.

Solveig Svarstad (1989): - Å vere nynorskpraktikant er som ein virvelvind. På kort tid skal du rå over store områder og bite frå deg så hardt du kan. Du skal gjennom publisering på nett, redigering av TV-saker, foto, radio, direktesending, sosiale medier og korleis alt dette best skal framførast. Det er intensivt, men utruleg kjekt og den beste måten ein kan gå i lære for å verte journalist. I tillegg har tida som nynorskpraktikant gjort meg meir bevisst på bruken min av nynorsk. Eg var stolt av skriftspråket mitt før, men no er eg, om mogleg, endå meir stolt. Etter at eg vart nynorskpraktikant er mitt nye livsmotto: klart eg kan!

May-Helen Rolfsnes (1993): - Etter berre to månader på NRK Nynorsk mediesenter har eg tileigna meg meir lærdom enn eg trudde var mogleg. Me har lært mykje lyd- og bildeteknisk, i tillegg til fleire ulike program for produsering, redigering og distribuering på både PC og mobil. Samstundes har faglærarane klart å blande journalistikken inn i undervisninga heile vegen. Me har også fått tid til å ta lærdomen i bruk på alle plattformer. Me har hatt mange dyktige førelesarar, som har teke i bruk gode øvingsoppgåver i undervisninga. To månader summert opp: effektivt og grundig.

Martha Våge (1989): - Som nynorskpraktikant vert ein kasta ut i det frå dag ein. Det høyrst skummelt ut, men her er det alltid nokon som står bak deg om du treng hjelp. Den tryggleiken og tilliten er uvurderleg og heilt nødvendig i eit so intensivt løp som det er her. Og so er det skikkelig artig å kjenne at ein meistarar oppgåver ein aldri har gjort før.

Martin Torstveit (1992): - Eg kom til Førde utan å heilt vite kva eg hadde gjeve meg ut på. Alt eg visste var at eg skulle lærast opp til å bli journalist, og språket skulle vere nynorsk. Nå har to månader flyge forbi og inntrykka eg sit igjen med er gode. Opplegget har frå dag ein vore interessant og lærerikt, og ikkje minst intenst. Eg har aldri vore så trøyt som eg var dei fyrste vekene i Førde, men til gjengjeld har eg hatt det fantastisk morosamt. Du blir kasta rett ut i det med ein gong, og det er rom for å prøve og feile. Sidan nesten alt du produserer i opplæringa er meint å bli publisert, får du også tidleg ein følelse av at det du gjer er viktig.

Eg har tatt til meg utruleg mykje teoretisk kunnskap og fått praktisere det på mange ulike måtar. Det får eg gjere i eit godt læringsmiljø med dyktige lærarar, engasjerte medpraktikantar og hjelpsame kollegaer. Det blir spennande å kome ned på desken til NRK Sogn og Fjordane. Då reknar eg med å få føle enda meir på kroppen kva det vil seie å vere journalist.

Kull 23: - Vi lærde også mykje om oss sjølve



FRÅ VENSTRE: ELISE SUNDFØR ERDAL, THOMAS BRAKSTAD, KJERSTI ANDERDAL BAKKEN, EVEN LUSÆTER OG LINE OMLAND EILEVSTJØNN
(FOTO: RANDI INDREBØ/NRK)

29. februar er siste dagen for kull 23 som nynorskpraktikantar. Elise Sundfør **Erdal** har hatt praksis i Kulturhuset i NRK P2 og får tilkalling der. Thomas **Brakstad** har vore i NRK Sporten og har fått ein månad ekstra som vikar. Kjersti Anderdal **Bakken** har ikkje fått gjennomført praksisen i Norgesglasset i NRK P1 enno. Ho er sjukmeld på grunn av ein kneskade, og får ta praksisen i løpet av året.

Even **Lusæter** har hatt praksis i NRK Hedmark og Oppland på Lillehammer og held fram der som tilkallingsvikar og kontaktmann i norddalen. Line Omland **Eilevstjønn** hadde praksis i NRK Telemark, og dei ville gjerne behalde henne. I NRK Telemark er alle nynorskbrukarane over 60 år og trongen for nye er stor. Men Line hadde fått eitt års prosjektstilling som SoMe-ansvarleg i Vest-Telemark blad alt før ho byrja i praksis.

Her er siste oppsummering frå kull 23:

Elise Sundfør Erdal (1986): - Gjennom halvåret som nynorskpraktikant har eg lært mykje meir enn det eg tenkte eg skulle lære. Ikkje minst har eg lært meir om meg sjølv, og kva eg vil jobbe med vidare. Tida i Førde var travel, intens og lærerik. Dei mange gode gjesteførelesarane gjorde at me fekk ein grundig innføring i journalistikk frå mange ulike innfallsvinklar. Spesielt sette eg pris på å kome på desken og få mengdetrening, og få lage såpass mange saker på både radio, tv, nett og SoMe. I ekstern praksis i Kulturhuset på P2 har eg hatt det fantastisk gøy i eit inspirerende arbeidsmiljø med svært kunnskapsrike kollegaer. Eg har jobba som researcher, gjestebookar og reporter. For det meste går arbeidsoppgåvene ut på å tenke ut saker, gjere research og snakke med gjestene som skal kome i studio. Det er trange tider i mediebransjen, men uansett kva eg endar opp med å jobbe med har tida som praktikant ved Nynorsk mediesenter gitt meg variert erfaring og ein brei kompetanse eg er glad eg har med meg vidare i arbeidslivet.

Thomas Brakstad (1989): - Tida i NRK sport har vore hektisk og ekstremt lærerik. Frå første dag har eg fått kome med egne idèar og fått jobba mykje med dei. Eg har fått prøvd meg og levert på alle plattformer undervegs i praksisen. Arbeidsmiljøet har vore fantastisk, og eg har fått god oppfølging heile vegen.

Kjersti Anderdal Bakken (1990): - Full av kunnskap, motivasjon og pågangsmot til å ta draumen eit hakk vidare, sa eg takk og farvel til Førde og mine flotte medpraktikantar i desember. Neste stopp: Trondheim og Norgesglasset. Eg gledde meg så mykje! Men så skjedde det som ikkje skulle skje: eg fekk ein kneskade som gjer at eg må halde meg mest mogeleg i ro. Det var ein stor nedtur, men eg er veldig glad for at eg fekk utsett praksisen. Enn så lenge prøver eg å bruke tida godt, ved å lytte mykje til radio og leike meg med foto- og videoredigeringsverktøya me lærte i Førde. Eg håpar snart å kunne ta steget frå sjukesenga og til Tyholt for å vise kva eg dug til og for å lære meir. Det blir jammen kjekt!

Even Lusæter (1979): - Tida mi som praktikant på Lillehammer har vore heilt fantastisk. Her vart eg godt mottatt frå fyrste dag, og allereie andre dagen reiste eg ut som VJ og saka vart sendt. Sidan har det vorte mange saker på alle plattformer, både einsleg og i lag med andre. Og eg veit kvifor det gjekk så fint. Opplæringa eg hadde fått i Førde viste seg å vera god, og det vart snart klårt for leiinga på Lillehammer at dei kunne rekne meg som ein vanleg reporter, på lik line med dei andre tilsette. Dette trur eg er avgjerande for at eg lykkast. Sidan eg var i stand til å produsere stoff frå fyrste dag, vart eg rekna med og ikkje berre sett på som eit artig innslag i redaksjonen. I dag er eigentleg praksisperioden min over, men eg har fått tilbod om tilkallingsavtale.

Eg fekk eit råd frå Magni Øvrebotten om å ta praksisperioden min på eit distriktskontor, og det rådet er eg glad eg fylgde.

Line Omland Eilevstjønn (1993): - Eg hadde ikkje peiling på kva eg kunne forvente av tida som nynorskpraktikant. 20. august sette eg meg på bussen i Åmot, og flytta til ein del av landet eg aldri hadde vore i før.

Eg blei møtt av trivelege og entusiastiske medpraktikantar, ivrige faglærarar og ei snill og brutalt ærleg dronningbie med ei heilt spesiell omsorg for praktikantane sine.

Dei fyrste dagane forstod me fort kva me skulle gjennom. Eit intenst og utruleg lærerikt opplegg, som skulle klekke ut fem journalistar klare for arbeidslivet. Det er litt av ein jobb på fire månadar.

Praktikantane i kull 23 skulle vise seg å kome utruleg godt overeins. Me har støtta kvarandre frå fyrste dag. Frå undervising på praktikantloftet og heile vegen ned trappa til intern praksis i redaksjonen.

Me har køyrd Sogn og Fjordane rundt og laga radioreportasjar, nyhende, snuttar, meldingar, TV-saker, Norge Rundt-innslag, nettsakar i alt frå medium til XL og teke bilete av både saueklypping i eit fjøs og innvandrarar som lærer bokmål i ein nynorskkommune.

Flinke førelesarar har gjeve oss kreative boost kvar veke. Gode kollegaer nede på desken har hjelpt oss i land til og med på dagar der dei har stressa seg frå sans og samling. Læremiljøet har vore topp, noko som vitnar om kor vane redaksjonen i Førde er med å utdanne praktikantar. Eg tør påstå at utklekkinga gjekk føre seg på beste vis.

Etter jol flaug me ut av reiret og vidare til ekstern praksis i redaksjonar rundt i landet. Eg følte meg klar. Eg var gira. Spent. No er eg ferdig med to månadar i NRK Telemark. Dei gjekk altfor fort. Kvar dag har eg fått jobbe med flinke folk som har vore tålmodige og velvillige til å dele av sin visdom. Ei uvurderleg tid som har gjort meg til ein betre journalist.

Eit halvår som praktikant hjå NRK Nynorsk Mediesenter gjer deg bevisst på det meste ved deg sjølv. Du blir ekstra stolt av å vera nynorskbrukar. Du lærer deg korleis stemma di høyrer ut utanfor ditt eige hovud. Du blir flink til å prate med folk. Du forstår kva yrke det er du har satsa på. Og viss du er som meg, vil du vera uendeleg glad for at du gjorde nett det.

NRK Hedmark og Oppland: - Flott å få ein nynorskbrukar i redaksjonen

Praksisen til Even Lusæter er fyrste gongen vi har hatt ein nynorskpraktikant i redaksjonen til NRK Hedmark og Oppland. - Vi har svært få søkjarar frå området og totalt har berre to opplendingar vore nynorskpraktikantar. Den fyrste er komponist og lagar lyddesign til P2-programmet "Salongen", fortel Magni Øvrebotten. Ho håpar Even Lusæter på lokalradioen kan føre til at det kjem fleire nynorskbrukande søkjarar frå Oppland. – Og kvar er valdrisane? spør ho.

Distriktsredaktør Inger Johanne Solli, i NRK Hedmark og Oppland seier dette om å ha fyrste nynorskpraktikanten i praksis:

- Det har vore flott å få ein nynorskbrukar i redaksjonen. Even greier å kombinere nynorsk som munnleg talemål med dialekt. Og når språkbrukaren er som han: medvite, klår og kreativ er det ei stor glede å høyre han. Og han viser kor tett nynorsk og nordgudbrandsdøl er.



INGER JOHANNE SOLLI (Foto: Ole Kaland/NRK)

Rune Fossum ny faglærer

Rune Fossum (41) blir faglærer i NRK Nynorsk mediesenter frå 1. august. Han tek over for Terje Gilleshammer som blir vaksjef i NRK Sogn og Fjordane. Fossum kjem frå jobb som reporter for nett, radio og fjernsyn ved distriktskontoret. Begge har permisjon frå stillingane sine til våren 2017.



RUNE FOSSUM (Foto: Randi Indrebø/NRK)

Rune Fossum kjem frå Molde, men har budd i Sogn og Fjordane dei siste 17 åra. - Det nærmar seg halve livet, seier han. Han byrja som sportsjournalist i avisa Firda i 1999. Der var han i nesten ti år, då han kom til NRK Sogn og Fjordane. Her har han vore vaksjef i fem år, og dei to siste åra reporter på nett, radio og fjernsyn.

Fossum har bakgrunn som fenrik i Forsvaret, i tre år, mellom anna som nestkommanderande ved Grense Jakobselv Grensestasjon. Den journalistiske løpebana hans starta med ein bachelor i journalistikk frå Mediehøgskulen i Kristiansand. Han har også historie mellomfag frå Universitetet i Trondheim og grunnfag statsvitskap frå Høgskulen i Molde.

- Til hausten tek eg altså til som faglærer ved Nynorsk mediesenter. Det ser eg veldig fram til. Dette blir ei ny utfordring for meg, og det skal bli kjekt å jobbe med unge, ivrige og lærevillige journalistspirer. Mykje handlar jo om å overføre gleda det er å få formidle gode historier til TV-sjåarar, radio-lyttarar og nettlesarar. Då kjem ein veldig langt! seier Rune Fossum.

- Rune har vore gjesteførelsar for fleire kull, om å skrive for nettet, og praktikantane har alltid vore veldig nøgde med evna hans til å formidle og gje dei øvingar. Difor var det naturleg å spørje han om å bli faglærer når distriktskontoret ynskte seg Terje som vaksjef. Rune har spisskompetanse om skriving for nettet, og vi kjenner han som ein dyktig, seriøs og allsidig journalist. Difor er vi glade for at han takka ja til å bli faglærer. Så lenge faglærer Randi Indrebø held ut å vere bærebjelken i undervisningsopplegget for Nynorsk mediesenter, er det nyttig med det vekselbruket vi har med NRK Sogn og Fjordane om den andre faglæraren, seier Magni Øvrebotten.

Christian Wiik Gjerde debuterer med barnebok



Sist veke debuterte Christian Wiik Gjerde med barneboka “Jakta på firkløveren” på Samlaget. Debutboka handlar om sommarferie og skulefri på ei øy i havgapet, og om sjalusi, krangel og forviklingar. - Eg har lenge hatt ein draum om å skrive, og no kjende eg at tida var komen, seier Gjerde.

Christian Wiik Gjerde (1981) er tidlegare nynorskpraktikant på kull 14, i 2011 og hadde praksis i NRK Super. Der vart han programleiar for barneprogrammet Superblokk i NRK P1. I 2013 fekk han Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar for den jobben, men same året vart programmet lagt ned. Etterpå har Wiik Gjerde arbeidd i Rikskonsertane, skrive manus og er no lærar.

- Eg har alltid vore interessert i bøker, og eg minnst bøkene eg sjølv las då eg var barn. Eg las mykje, og eg hugsa særskilt då eg las gjennom pappa si samling av Fem gjengen av Enid Blyton. Dei syntest eg var så spanande.

Som barn hadde eg ein livleg fantasi, og det har eg nok framleis. Den fantasien har eg brukt til å skrive ein roman for barn.

– Kva vil du med boka?

– Det eg vil oppnå med boka er å gi leseglede. At lesarane skal få kose seg, le og grine litt. Det er også ein moral i boka. Den går på at ein ikkje skal vere så redd for alt det nye og ukjende. Ein skal vere open for det nye ein møter.

- Kjem det fleire bøker?

- Eg kjem garantert til å skrive meir. Eg har verkeleg blitt biten av basillen. Det å kunne utvikle eit univers, skrive akkurat det ein sjølv vil, og lage karakterar er noko eg verkeleg har fått smaken på. Eg fekk mykje erfaring frå jobben som programleiar i NRK Super, der eg blant anna fekk skrive småhistorier kvar laurdag som eg fortalde i radioen. Etter at eg kom inn på NRK Nynorsk mediesenter har eg fått trua på meg sjølv om at eg kan, og vil drive med ei form for formidling. Samlaget er eit godt forlag som rettleiar meg og gir meg inspirasjon til å fortsetje. Og det er alt klart at boka kjem på tysk, seier Christian Wiik Gjerde.

Producer Mari Langva: - Overraskende og kjekt å få pris

Mari Langva er producer i Newton-redaksjonen i NRK på Tyholt, og dei fekk nyleg pris for beste featurejournalistikk under Hellkonferansen. Prisen fekk dei for sendinga "Fødsel", der dei følgde programleiar Line Jansrud sin graviditet og fødsel. Hellkonferansen er den årlege journalistkonferansen i Trøndelag.

- Det var overraskende og kjekt å vinne pris på Hellkonferansen. Det gir eit ekstra puff til å stå på i ein hektisk kvardag, seier Mari Langva.



MARI LANGVA til høgre (Foto/Hellkonferansen)

Laget bak sendinga "Fødsel" i Newton-redaksjonen var Mari Langva som producer, Morten Waagø, Jane Rasmussen og Lars Kristian Skjetne var fotografar og Line Jansrud programleiar. Juryen sa dette om produktet:

"Mesteparten av journalistikken lages for voksne, men årets prisvinner utmerker seg ved å lage kvalitetsjournalistikk for barn. Ved hjelp av enkle, men sterke virkemidler oppleves en stor nærhet til den dramatiske og fantastiske opplevelsen en fødsel er. Prisvinnerne har latt seerne følge prosessen fra den første graviditetstesten til barnet kommer til verden. Programlederen utmerker seg med høy fagkompetanse og stor fortellerglede i sitt virke".

Mari Langva (1986) var nynorskpraktikant på kull 12, i 2010, og har arbeidd i ulike redaksjonar på Tyholt etter at ho var der i praksis som nynorskpraktikant. Ho vart fast tilsett våren 2015.

Presseprisen for Sogn og Fjordane



ASGEIR HEIMDAL REKSNES (Foto: Arne Stubhaug/NRK)

Asgeir Heimdal Reksnes, i NRK Sogn og Fjordane, fekk på tampen av 2015 Presseprisen for Sogn og Fjordane for saker om arbeidstilhøva ved Nordfjord Kjøtt. Juryen si fråsegn:

" Dette er ei av dei sjeldne journalistiske sakene som gjer at me kan snakke om pressa sitt samfunnsoppdrag. Den viser korleis det som kan framstå som eit jag etter profitt i næringslivet kan føre til alvorlege arbeidsuhell, og den angår ei stor og vanlegvis taus gruppe; arbeidsinnvandarane.

Journalisten har gjort ein svært grundig jobb med kjeldene. Han får fleire personar til å stille opp med namn og bilete medan dei kritiserer arbeidsplassen sin. Journalisten presenterer historiene enkelt og rett fram, og arbeidsgjevaren får svare på ein ryddig måte.

Journalisten og redaksjonen følgjer saka over tid, og journalistikken får konsekvensar. Verksemda vart granska av daglegvarekjeda den leverer til, og verksemda har sjølv bestemt at alle dei utanlandske arbeidarane skal få norskkurs. Politiet er enno ikkje ferdig med etterforskinga av arbeidsuhella, og me er visse på at redaksjonen kjem til å følgje saka så lenge der er meir å fortelje"

Asgeir Heimdal Reksnes (1979) var nynorskpraktikant på kull fire, i 2006, og har arbeid i NRK Sogn og Fjordane etterpå. Han er stasjonert ved lokalkontoret i Nordfjord.

Fire nominerte til Skup-prisen

Fire tidlegare nynorskpraktikantar er påmelde til Skup-prisen, den mest høgthengande prisen for gravande journalistikk her i landet. Den vert delt ut i april. Dei fire er: Simon **Solheim** i innanriksredaksjonen til NRK Nyhende for "Døden på Oslo legevakt", Sølve **Rydland** i NRK Hordaland for "Innkassobarna", Gøril **Furu** i NRK Østlandssendinga, som var fotograf i "Felg-saken" og Øystein **Windstad** for artikkelen "Torturert og drept etter å ha blitt nektet asyl i Norge", i bladet Ny Tid.

Det er 46 kandidatar som kjempar om graveprisen. Det er dei største mediehusa som dominerer lista. NRK har til saman ti påmelde frå seks ulike redaksjonar, mellom dei tre frå diskriktsskontora. VG og Aftenposten har fire saker kvar, medan TV 2 (som omfattar TV 2 hjeper deg og Mastiff), Dagens Næringsliv, Adressavisen og Dagbladet har tre kvar.

"Døden på Oslo legevakt"



v/Simon Solheim, innanriksredaksjonen i NRK Nyhende. Saka handla om at livet til Erik Are Stedt (35) enda på eit svart teppe i ambulanseinngangen på Oslo legevakt, og kven som hadde ansvaret for den tragiske hendinga. Kva skjedde eigentleg? - I tre år nekta styresmaktene å vise offentlegheita videoen som viser at han blir kvalt til døde under arrestasjonen, seier Solheim.

- I tre år kjempa NRK for å få utlevert videoen. Vi gjekk på nederlag, på nederlag, på nederlag – Spesialeininga for politisaker, Riksadvokaten, Oslo tingrett og Borgarting lagmannsrett avslø våre innsynskrav i tur og orden. Eg har følgd saka heile vegen – og kjempa for at vi skulle ta den for retten. Advokatane våre har gjort ein veldig bra jobb. Vi har samarbeidd tett heile vegen. Og til slutt vann vi i Høgsterett, seier Simon Solheim..

Solheim er også nominert til den store journalistprisen for denne saka. Simon Solheim (1990) var nynorskpraktikant på kull 11, 2009/10. Han er fast tilsett journalist i NRK Nyhende.

"Innkassobarna"



v/Sølve Rydland, NRK Hordaland. Saka handlar om barn som har mista plassen i barnehage og skulefritidsordning, fordi foreldra ikkje har betalt rekningane sine.

- Me har avdekka at 400 barn i Bergen mellom juni 2014 og juni 2015 mista plassen i barnehage og SFO, sjølv om byrådet lova at ingen barn skulle mista plassen. Me avdekka og at Bergen, og fleirtalet av norske kommunar, har hatt reglar som har vore i strid med Lov om barnehagar og ordinær avtalerett. Over 500 barn mista plassen i kommunale norske barnehagar mellom 2012 og 2014, seier Rydland.

Avsløringane førde til at både Utdanningsdirektoratet og kunnskapsministeren tok affære, regelverket vart gjennomgått og praksisen endra, både i Bergen og andre kommunar som hadde same praksis.

Sølv Rydland (1984) var nynorskpraktikant på kull tre i 2005/2006, og er fast tilsett journalist i NRK Hordaland.

"Felg-saka"




NRK Østlandssendinga m/fotograf Gøril Furu. For henne er dette viktig å få fram: - Eg er på ingen måte sjefsgravaren her – det er reporter Knut Martin Løken. Eg var med og dokumenterte med kamera og hjelpte til med litt detektivarbeid når vi stod fast, seier fotograf/videojournalist Gøril Furu, og held fram:

- Felg-saka starta med at Østlandssendingen var med Tollvesenet på skanning av containarar i Oslo Havn i februar 2015. I løpet av skanninga beslagla Tollvesenet over 1000 falske felgar og kopifelgar. NRK fann ut at mottakaren av felgane var Norsk Bildelsenter, ein del av Noregs største nettvarehandel Komplett. I arbeidet med saka fann vi ut at Tollvesenet på sin auksjon på QXL selde felgar som var urovekkande like dei tollvesenet beslagla i Oslo havn 11.februar. Vi avslørte at Tollvesenet sjølv selde kopifelgar dei hadde beslaglagt og ikkje kjende kvaliteten på, og det knapt to veker etter at tolldirektøren gjekk hardt ut mot forbrukarar som kjøper kopivarer.

Saka viser kor vanskeleg det er å vere forbrukar i Noreg, og at ein til sjuande og sist ikkje eingong kan stole blindt på dømekrafta til myndigheitene når det kjem til kva for varer som er gode og trygge og kven som er dårlege og potensielt farlege.

Gøril Furu (1984) var nynorskpraktikant på kull 5 i 2006/2007 og arbeidde fleire år i NRK på Tyholt. Ho er fast tilsett fotograf/redigerar i NRK Østlandssendinga.

"Torturert og drept etter å ha blitt nektet asyl i Norge",



v/Øystein Windstad, Ny Tid. - Saka handlar om to tsjetsjenske asylsøkarar som blei sendt ut av Norge, trass åtvaringar frå fleire menneskerettsorganisasjonar. Begge to blei funne døde etter dei kom tilbake til Tsjetsjenia. Ein obduksjonsrapport eg fekk tak i beviser at den eine av dei døde som følge av trekte tenner og negler, fleire knivstikk, knuste kneskåler og knust hodeskalle. Menneskerettsorganisasjonar, familie, og eksilpolitikarar frå Tsjetsjenia meiner myndigheitene i landet stod bak begge dødsfalla og at det var politiske motiverte drap, seier Øystein Windstad. Saka kom på trykk i tidsskriftet Ny Tid. Der er politikken at hovudsaker skal vere på bokmål.

Øystein Windstad (1983) er masterstudent og frilansar, mellom anna tilkallingsvikar i Kulturnytt i NRK. Han var nynorskpraktikant på kull fire, i 2006. Han har arbeidd både i NRK, P4 og P5 etterpå.

3 års prioritet til stillingar i NRK – gjeld framleis!

<http://torget/personalhandbok/Sider/default.aspx>

Heilt sidan 2008 har NRK hatt reglar om prioritet til stillingar for dei som går dei strategiske rekrutteringsprogramma, NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe. *Grunnen til at NRK driv desse tiltaka er trongen for fleire nynorskbrukarar og fleirkulturelle medarbeidarar.*

Etter avslutta opplæring har dei tre års prioritet til stillingar dei er fullt ut kvalifiserte for. Dei skal reknast som interne søkjarar, og kan både søkje og få faste stillingar. Det har heile tida variert i kva grad desse reglane vert følgde, og i tider med kutt og nedbemanning har dei ekstra trange kår.

Gjeldande formulering vart vedteken 1. oktober 2013, i retningslinene for bemanningskontroll. Slik lyder grunnregelen m/kommentarar og utdjupingar:

NRKs rekrutteringsprogram

NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søkere i tre år etter gjennomført program, og de skal gis prioritet til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for.

Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Sàpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige.

Kommentarer og utdyping

Dette innebærer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som mål å øke andelen nynorskbrukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. Søkere fra våre strategiske tiltak har følgende muligheter:

- De kan søke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.
- Eksterne ansettelser i faste stillinger må godkjennes i direktørmøtet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRe, da disse regnes som interne.
- Ved eksternt utlyste stillinger skal de prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for foran vikarer og andre eksterne søkere.

Formulering ved *interne* utlysingar

Sommaren 2015 vart det bestemt at når NRK lyser ut stillingar internt så skal det stå i utlysingsteksten at berre fast tilsette og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter kan søke på desse stillingane. Formuleringa lyder slik:

På grunn av dagens bemanningssituasjon i NRK er det berre fast tilsette medarbeidarar og kandidatar frå NRK fleire og NRK Nynorsk mediesenter som kan søkje på denne stillinga.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 1 mars 2016 har vi sendt frå oss 115 nynorskpraktikantar og 59 % av dei arbeider heil - eller deltid i media. Nær 50 % av dei 115 arbeider i NRK. Totalt har 44 fast arbeid i media, 38 av dei arbeider i NRK.

Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram og på nettet. Til dømes i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Sporten, Kulturnytt, Spillerom, Ekko, NRK.no, P3 Morgon, P3 Nett og ved distriktkontora i Troms, Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Oppland og i Østlandssendinga.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som nyhendeanker i TV 2, i Møre-Nytt, Telemarksavisa, Drammens Tidende, Bergens Tidende, på nettet i Dagens Næringsliv og i produksjonsselskapet Monster.

Andre arbeider som informasjonsfolk og rådgjevarar i: Statistisk Sentralbyrå, Språkrådet, Barne- og likestillingsdepartementet, Røde Kors, Skatt Vest, Norges Bondelag, Bisqit Norge, Norske Kunstforeninger, Senterpartiet, Von kommunikasjon og HvabeHager.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 23: 24. august 2015 – 29. februar 2016



Thomas **Brakstad** (1989) vikar i NRK Sporten, Line Omland **Eilevstjønn** (1993) er prosjektleiar for SoMe-satsinga til Vest-Telemark Blad, Elise Sundfør **Erdal** (1986) er tilkallingsvikar i Kulturhuset, NRK P2 og lektor, Kjersti Anderdal **Bakken** (1990) har pga sjukdom utsett praksis i Norgesglasset og Even **Lusæter** (1979) er tilkallingsvikar i NRK Hedmark og Oppland.

Kull 22: 4. januar – 30. juni 2015



Steinar Daltveit (1989) studerer nettnjournalistikk og fjernsyn i USA, **Signe Fuglestad Luksengard** (1990) er tilkallingvikar i NRK Supernytt, **Olav Åsen Haugsgjerd** (1988) studerer historie ved Universitetet i Agder, **Gunhild Årdal** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og Nynorsk Pressekontor og **Bård Holmen Solvik** (1985) arbeider i informasjonsavdelinga til Statistisk Sentralbyrå (SSB).

Kull 21: 25. august 2014 – 28. februar 2015



Elias Engevik (1995) arbeider som journalist i det militære på Haakonvern, men er snart ferdig med verneplikta. **Tor-Erik Humlen** (1988) er vikar i P3Morgen. **Ine Eftestøl** (1984) er vikar i NRK Supernytt med base i Rogaland, **Hibba Sarmadawy** (1987) er vikar i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende og **Sigrid Agnethe Hansen** (1989) er vikar i NRK Troms.

Kull 20: 3. januar – 30. juni 2014



Frå venstre: **Oddbjørn Myklebust Opsal** (1988) er kokk. **Liv Ragnhild Holdhus Sjursen** (1984), er tekstforfattar i tekstbyrået HvabeHager. **Guro Kvalnes** (1991) er masterstudent i litteraturformidling ved UiO og tilkallingsvikar i Kulturnytt. **Silje Steinnes Bjerknes** (1988) er vikar i NRK Møre og Romsdal, og **Halvor Farsund Storvik** (1981) er frilansar.

Kull 19: 19. august 2013 – 28. februar 2014



Frå venstre: **Eirik Hildal** (1985) er frilansar, **Britt Kristin Ese** (1985) er lærar i Bergen og **Idun Fivelstad** (1987) i Rindal. **Tale Hauso** (1991) er fast tilsett i NRK Hordaland, ved lokalkontoret i Odda og **Lars Ivar Nordal** (1986) er vikar i programmet Spillerom i NRK P2, som produsent, programleiar og reporter.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013. Kom inn på statsbudsjettet for 2015 med ei løyving på 2,2 mill. kroner. For 2016 vart summen kr. 2.242.000. Firda Media og eigaren Amedia går inn med 560.000 kroner i året. Nynorsk avissenter er samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Ivar Myklebust Longvastøl.

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider mellom anna om gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Frå hausten 2015 har vi invitert journalistar frå lokalaviser i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal til å delta på aktuelle gjesteførelesingar.